

Høyringsinvitasjon og mal for høyrings svar

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Dato utsendt på høyring	01.12.16
Høyringsfrist	08.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hisf.no ; postmottak@hsh.no ; post@hib.no
Bakgrunn for saka	<p>Prosjektet har hatt i oppgåve å kome med forslag til kjerneverdier, faglege visjonar og strategi for den nye høgskulen, samt forslag til prinsopp for strategisk utvikling og samkøyring av utdanningsløp. Vi ønskjer særleg tilbakemelding på forslaga til profilområde for HVL, inklusive område der vi vere nasjonalt leiande og/eller ha mulegheit for å lykkast internasjonalt.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (innspel frå underliggjande einingar/miljø kan følgje som vedlegg).</p>
Vi ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 3	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald. - Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lykkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet). - På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngiving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høyringa.
Kap 4	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde
Kap 5	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL»? - Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?
Kap 6	<ul style="list-style-type: none"> - Gir måla og operasjoniseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? - Reflekterer måla og operasjoniseringa HVL sin profil?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Mal for høyringsinnspel

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for lærarutdanning - HiSF Kvart av institutta har svara for seg sjølv. I dette dokumentet trekker dekanen fram nokre av synsmåtane og knyter nokre personlege kommentarar til høyringsdokumentet.
Prosess	Alle institutt og dei to forskingsgruppeleiarane for strategiske FoU-program har fått høyringsdokumentet til gjennomsyn. Desse har hatt eigne prosessar og har levert svar til dekan og direkte til prosjektgruppa.
Innspel	
Kap 3	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald. - Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lukkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet). <p>På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngiving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høyringa.</p> <p>Generelt vil dekanen uttrykke glede over å få sjå eit heilskapleg blick inn i potensialet i HVL. Som oppspel til ein strategiprosess er dette svært godt. Det kan synast som at profilområde «helse» er noko meir gjennomarbeidd enn resten av dokumentet, og at dette kan justerast fram mot endeleg dokument.</p> <p>Institutta BLU og GLU saknar omgrepet læring som nemning/del av nemning i profilområde 2, og ein tykkjer at lærarutdanning generelt er for lite synleg i omtalen. «Danning» ser fleire på som vel breitt som profilomgrep. Fagmiljøa saknar også omgrepet «pedagogikk». Vi peiker også på at spesialpedagogikk blir viktig som utdannings- og forskingsfelt framover. På feltet utdanningsleiing har ein alt etablert samarbeid, og har registrert nasjonal interesse for at vi skal utvikle dette vidare. Det bør difor omtalast som eit område der vi også framover kan ta ein nasjonal posisjon. Fagmiljøet har utarbeidd framlegg til slik tekst om dette:</p> <p>«Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF) har eit tungt fagmiljø på Vestlandet innan utdanning og forskning om skole- og barnehageleiing. HISF tilbyr masterutdanningar i utdanningsleiing både i Bergen og Sogndal/Førde, står for ei rekke regionale leiarutdanningstilbod på oppdrag frå kommunar og fylkeskommunar. Den samla</p>

	<p>forskinga på leiing og utvikling både i barnehage og skule er viktig både nasjonalt og regionalt. Profilen er nært knytt til leiing, utvikling og profesjonalisering i utdanningssektoren, og samarbeid med sektoren i å utvikle relevant forskning og vidareutdanningar er ein nøkkel for feltet regionalt. Ved samanslåing mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Stord/Haugesund er målet å vidareutvikle eit samarbeid om forskning og undervising».</p> <p>I samband med punkta om område der ein kan hevde seg nasjonalt vert det peika på at ein må sjå nærmare på formuleringar og ambisjonsnivå for «Læring og nye medium», «Matematikkdidaktikk» og «Praksisnær utdanningsforskning». Det bør vurderast om «Språk- og nynorskdidaktikk» kan vere eit område HVL bør/kan ha føresetnader for å spele ei nasjonal rolle. (sjå innspel frå norsk og matematikk).</p> <p>Idrett peiker på at ein må nytte 'idrettsvitskap' og ikkje 'idrettsfag'. Det er også viktig å peike på at det er klare forskingsmessige samband mellom fysisk aktivitet og kognitive prosessar som eit kjennemerke på grensesnittet mellom idrett og lærarutdanning. Idrett understrekar nærleiken mellom utdanning, forskning og praksis som eit kjennemerke ved aktiviteten, og at dette er eit nasjonalt fortrinn. (sjå innspel frå idrett).</p> <p>Dekan vil understreke at delar av idrettsmiljøet alt har betydelege internasjonale nettverk, publiserer stadig oftare på nivå 2 og at ASK-miljøet alt vert oppfatta som internasjonalt spennande.</p> <p>Dekan vil for eigen del peike på eit sentralt trekk ved aktiviteten som kan byggast vidare på, knytt til oppstillinga av profilelement på s.11: Vi driv utdanningar og gryande forskning for og på ein folkesetnad som finst tilgjengeleg bortimot 100% i felles barnehage og skule. Dette gir oss høve til å forske på heile variasjonsbreidda i kvart alderssteg og over tid. Dette er internasjonalt interessant og bør kunne utnyttast. Dvs ein kan studere det spesielle i det normale, og det normale i det spesielle, utan å leite etter utvalsgrunnlaget. Dette kan vere eit utviding av mangfaldsogrepet, men bør vurderast som eit nasjonalt uutnytta fortrinn HVL kan gripe. Både ASK-prosjektet og framveksande ADHD-forskning er døme på dette.</p>
<p>Kap 4</p>	<p>Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde</p> <p>Dekan syner til eit omfattande svar frå idrettsmiljøet, og ber profilgruppa merke seg innramminga av «idrett» som internasjonalt vitskapsfelt.</p> <p>Dekan ønskjer å peike på at det i opplistinga av mogelege fag inn mot «Livsstil, fysisk aktivitet og helsefremjing» - sett i lys av at HVL skal utvikle det tverrfaglege – hadde vore svært interessant om ein hadde inkludert fag som samfunnsplanlegging og</p>

	<p>arealplanlegging/landskapsforvaltning. Dei fysiske velveret eller mangel på slik skjer ein stad, enten i planlagte kulturbygg eller i ein meir eller mindre tilrettelagt natur.</p> <p>Tilsvarande vil dekan peike på at opplistinga av fagmiljø knytt til «Berekraft» manglar innslag av atferdsvitskapar. Desse finst, om enn i liten grad ved HVL (men bør definitivt knytast til problemfeltet).</p>
Kap 5	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL»? - Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart? <p>Institutta ved ALI HISF er alle samde om at ein må etablere grupper på tvers av fag og campus. Berre på den måten sikrar ein både samordning og respekt for at det kan vere naudsynt med rom for variasjonar mellom nærregionar med ulik tradisjon og demografi/næringsliv.</p> <p>Frå idrett ser ein klårt trongen for å sikre at det er rom for fagleg eigenart i visse delar av HVL som ikkje heilt fell inn under ein profesjonsmodell.</p> <p>Dekan vil peike på at prinsippa for strategisk fagleg utvikling er gode oppspel for drøftingane om fagleg organisering på nivå 3 og at ein må sjå til at desse vert innarbeidde som del av dokumentet knytt til vidare fagleg organisering.</p>
Kap 6	<ul style="list-style-type: none"> - Gir måla og operasjonaliseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? <p>Reflekterer måla og operasjonaliseringa HVL sin profil?</p> <p>Institutta melder at dei i all hovudsak finn operasjonaliseringa som tenleg for vidare arbeid. Det kan vere at det profesjonsretta har noko forrang i høve det arbeidslivsretta, sjølv om begge skal utgjere grunnlaget for eit framtidig universitet.</p> <p>Dekan er noko tvilande til tidfestinga for mål 1, men finn elles operasjonaliseringa nyttig for vidare drøftingar. Det er enno eit stykke fram til at dette er noko meir enn teoretiske omgrep. Det må vere eit mål å komme nærmare det målbare for fleire av desse, og samanhengane mellom dei, gjennom involverande prosessar. Det vil kunne skape stor forståing for utfordringane den kommande leiinga står framfor.</p>
Andre merknader	<p>Læringsforskningsprogrammet ved HiSF har peika på trong for å utdjupe nærmare kring identitet, kunnskapsbasert praksis og entreprenørskap og sambandet mellom desse omgrepa nytta i kapittel 2. Det same miljøet peiker på at det er trong for å sjå samband mellom forskingsaktive grupper knytt til språk (nynorsk), identitet og profilelement i «danning, kultur og samfunn». Same kommentar er gjeve i ei samleuttale frå norsk og matematikk.</p>